

# Leve livet i Sande



Sande kommune – Samfunnsplan 2022-2034

Godkjent av Sande kommunestyre i møte 13.12.22, šak 81/22

## Innhold

Innleiing .....	3
Visjonsbilde og verdisett .....	3
Om Sande-samfunnet.....	4
Om kommuneplanen.....	5
Sande-samfunnet sitt utfordringsbilde .....	6
Mål, gjennomgåande omsyn, og innsatsområder fram mot 2034.....	8
Gjennomgående omsyn for Sande-samfunnet og for Sande kommune .....	9
Innsatsområde for Sande-samfunnet og Sande kommune.....	10
Samfunnsplanen sine føringer for arealforvaltninga .....	11

## Innleiing

Dokumentet du no har fått i handa er kanskje eitt av dei aller viktigaste kommunale dokumenta for vår kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere retningsgjenvande for korleis vi skal arbeide med å utvikle bygdene våre og lage gode velferdstenester. Ein kommuneplan skal følgast opp med handling! Samfunnsplanen skal gje retning for dei andre planane vi har innan ulike sektorar og fagområde.

Det er lagt ned eit stort arbeid med denne planen. I 2021 gjennomførte vi ei stor innbyggjarundersøking i Sande – der vi utfordra innbyggjarane våre, dei som har fritidsbustad i kommunen og dei som pendlar inn til kommunen på arbeid – til å gje oss tilbakemeldingar på kva som er viktig for kvar enkelt; og kvar vi som kommune har forbetringspotensiale. Bulyst og tru på framtida har vore – og skal også framover vere – eit viktig element i alt vi driv med som kommune!

Sande har frivilligkeit og dugnadsånd som særmerke, og dette er verdiar vi må ta vare på også i framtida! At vi er ei kommune der ein stor del av innbyggjarane våre har annan kulturell bakgrunn enn den norske, er ein ressurs vi må sette pris på og nyttegjere oss til beste for bygdene våre. «Ei lekkje er aldri sterkare enn det svakaste leddet», er det sagt.

Vi har nettopp kome oss igjennom ein stor pandemi, men etter denne kom det nye globale utfordringar; krigen i Europa har ført nye flyktningar til vår kommune, men i tillegg har den også skapt stor usikkerheit både om energi- og matforsyning - og den har gjeve mange av oss økonomiske utfordringar. Løysingane krev politisk mot og samarbeid på alle nivå. Samfunnsplanen vår tek derfor utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, og korleis vi kan bruke desse i planleggingsarbeidet vårt.

Vi skal spele kvarandre gode – til beste for kvarandre!

Olav Myklebust  
ordførar

## Visjonsbilde og verdisett

### Sande-samfunnet sitt visjonsbilde - «Sande – I lag!»

«Sande – i lag!» er ein ”mjuk” visjon. Den raude tråden i dette visjonsbildet er fellesskap som er inkluderande, likeverdig og trygt. Vi trur at dette er grunnlaget for å skape trivsel og vekst for både innbyggjarane og næringslivet vårt.

Visjonen ”Sande – i lag!” gir eit tydeleg signal til alle i Sande om at Sande-samfunnet skaper vi i lag. I dette ligg det ein føresetnad om at alle må delta og alle må bidra.

Visjonen gir også eit klart signal til potensielle nye innbyggjarar om at i Sande vil dei bli ein del av eit fellesskap basert på deltaking, men der det også vert forventa at dei bidrar med eigne ressursar.

### Sande-samfunnet sitt verdisett

#### Sande-samfunnet sitt verdisett er:

- Mangfold
- Humor
- Ansvarleg

I Sande-samfunnet har vi eit mangfold, og vi erkjenner at det er mangfaldet som skaper levande og utviklende lokalsamfunn. Mangfaldet skal vekse gjennom eit Sande-samfunnet som er ope og nysgjerrig, har respekt og plass for nye kulturar, og som er villig til å gi nye idear og kulturar ein sjanse.

I Sande-samfunnet vil vi ha humor. Med humor skaper ein trivsel – det innbyr til kontakt og fellesskap. Med humor byggjer ein tillit og skaper forsoning – og humor gjer det lettare å takle vanskelege hendingar og situasjonar. I tillegg gjer humor ufattelag godt!

I Sande-samfunnet skal vi vere ansvarlege. I dette ligg det at kvar og ein av oss har eit ansvar for oss sjølv og for kvarandre. I dette ligg det at vi skal vise omsorg og respekt, og at vi skal vere rause i møte med kvarandre.

## Om Sande-samfunnet

I Sande får vi det beste frå to tilvære - fridom ved å bu i ein fantastisk natur, med kort veg til ei mengde arbeidsplassar og kulturtilbod på Sunnmøre – samt å bu i ei bygd der naboane framleis bryr seg, og sjølv få vere ein del av miljøet.

Sande kommune er ei kommune på Sunnmøre i Møre og Romsdal fylke. Kommunen er ei kystkommune sørvest i fylket, rett nord for Stad. Kommunen grenser i nord og aust mot Herøy kommune, i sør mot Vanylven kommune, og i sørvest mot Stad kommune.

Sande kommune har i 2022 om lag 2450 innbyggjarar. Innbyggjarane bur i kommunen sine fem bygdelag – Kvamsøya, Sandsøya, Larsnes, Gursken og Gjerdsvika. Om lag 20 prosent av innbyggjarane er innvandrarar eller barn av innvandrarar. Sande kommune har eit areal på om lag 94 km<sup>2</sup> – fordelt på 90 km<sup>2</sup> landareal og 4 km<sup>2</sup> sjøareal.

Sande kommune og regionen elles har sitt grunnlag i «fiskarbonden» – der mat og inntekt frå gammalt av vart henta frå fisket og jordbruket. Gjennom generasjonar har innbyggjarane i Sande vidareforedla den erfaringsbaserte kunnskapen frå fiskarbonden - og i dag har vi store og små industriverksemder som er sentrale i utviklinga av den maritime og marine klynga på Møre. Desse verksemndene gir i lag med andre serviceverksemder og det offentlige, eit vidt spekter av spennande og gode arbeidsplassar – noko som gir Sande-samfunnet ei svært god arbeidsplassdekning.

Vi erfarer at klimaendringane og auka globalisering, urbanisering og digitalisering endrar verda og levesettet til verdas befolkning. Dette er endringar som også verkar inn på oss i Norge og lokalt i Sande. Våre sentrale myndigheter har derfor tydelige forventningar til kommunane om å planlegge for eit berekraftig velferdssamfunn - som er trygt og sikkert for alle, og som har ei ressursforvaltning som tek i vare naturverdiar og gir reduserte klimaavtrykk.

FN sine tre berekraftsdimensjonar og 17 berekraftsmål er altså høgst relevant også for Sande. Vi trur at Sande-samfunnet sine største moglegheiter ligg i utviklinga av eit lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel og god helse. I dette ligg moglegheiter til meiningsfylt arbeid og fritid, og det å kjenne seg som ein del av eit fellesskap. Gjennom målretta innsats kan vi skape auka bu-lyst og gjere innbyggjarane til våre fremste ambassadørar. Sagt på ein anna måte er det altså gjennom den sosiale berekraftsdimensjonen ein finn dei største mulighetene for Sande-samfunnet.



## Om kommuneplanen


Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument for Sande kommune. Kommuneplanen består av to dela – samfunnsdel og arealdel. Kommuneplanens samfunnsdel skal skildre viktige faktorar som påverkar samfunnsutviklinga, samt fastsette mål og strategiar for korleis vi i lag ynskjer å utvikle lokalsamfunnet ut frå rådande føresetnader.

Lovgrunnlaget for kommuneplanen og arbeid med denne går fram av plan- og bygningslova.

**Kommuneplanen** skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.

Kjelde: Plan og bygningsloven kap 11, §11-1.

Sande kommune sin kommuneplan samfunnsdel – heretter kalla samfunnsplanen – tek utgangspunkt i det vedtekne planprogrammet for planarbeidet.



Planen sitt kunnskapsgrunnlag er i hovudsak utarbeidd etter omfattande innbyggerundersøkingar både i eigen regi og gjennom andre eksterne kartleggingar. Vidare er informasjonen som er samla inn gjennom prosjektet «Bærekraftsfylket Møre og Romsdal» ein del av samfunnsplanen sitt kunnskapsgrunnlag. Samfunnsplanen sitt statistikkmateriale er i hovudsak henta frå Statistisk Sentralbyrå og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Pandemien har utfordra oss til nye medverknadsprosessar. Den viktigaste aktiviteten har vore innbyggerundersøkingane. Samla har over 1500 personar delteke i desse undersøkingane og med det gitt verdifull informasjon og innspel til planarbeidet. Vidare har det representative demokratiet gjennom folkevalde til kommunestyret, eldreråd, ungdomsråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne vore samla til fleire arbeidsverkstader. Gjennom høyringar og til offentleg ettersyn har så ålmenta fått innsyn og muligheter til å kome med innspel til planframlegget.


Skal arbeidet med kommuneplan og samfunnsplanlegging gi mening må det vere ein samanheng mellom ønska mål, valde strategiar og prioriteringar. Det kommunale plansystemet skal sikre ein slik samanheng gjennom kommuneplanen, ulike tema- og handlingsplanar, og den årlege økonomiplanen som illustrert i figuren.

Samfunnsplanen har eit eige kapittel der overordna mål er vidare formulert i gjennomgående omsyn og innsatsområde med tilhøyrande strategiar. Ulike målsettingar og strategiar må følgast opp gjennom arbeid med ulike tema- og handlingsplanar, prioriteringar og framtidige økonomiplanar.


## Sande-samfunnet sitt utfordringsbilde

«Det vil være viktig å satse på utdanning, integrering, inkludering, innovasjon og effektivisering. I sum vil dette legge grunnlaget for hvordan regjeringen vil utvikle Norge til et mer bærekraftig velferdssamfunn.»

Inngessen over er klipt frå Perspektivmeldinga 2021. Perspektivmeldinga er eit omfattande dokument som bl.a. skildra nasjonens utfordringsbilde og mulige strategiar for møte desse på best mulig måte. Demografi er eit sjølvsagt tema i Perspektivmeldinga – og situasjonen i Norge i dag er at det står fire personar i yrkesaktiv alder bak kvar person som er i pensjonsalder.



Folketalet og demografien har i lag tid vore, og er framleis, Sande-samfunnet si største utfordring. Sidan ein folketalstopp kring 1980 har folketalet hatt ei negativ utvikling. Det har i all hovudsak vore ungdomen som har flytta ut i samband med utdanning og seinare arbeid, og over tid gjer dette noko med demografien. Den demografiske situasjonen i Sande i dag og framover mot 2035 går fram av folketalspyramiden. Same trenden ser ein for Møre og Romsdal som region – der framskrivinga viser ei sterkt aldring i befolkninga og svakare vekst i folketalet enn i landet elles. Demografien i Sande-samfunnet er altså samanfallande med den situasjonen som er skildra i Perspektivmeldinga. Resultatet av dette skapar utfordringar på alle nivå og sektorområde – frå det enkelte individ som skal ha lovpålagte velferdstenester og gode fritidstilbod, til næringslivet som skal rekruttere nye tilsette for å utvikle og utvide sine verksemder i tøff konkurranse med andre verksemder i inn- og utland. Som kommune er også demografien svært viktig, både med omsyn til tenestebehovet til befolkninga og kommunen sitt inntektsgrunnlag.




Perspektivmeldinga viser også til FN sine 3 berekraftsdimensjonar og 17 berekraftsmål. Desse er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, fremme anstendig arbeid og økonomisk vekst, utjamne ulikheiter og stoppe klimaendringane. Men angår dette oss i Sande? Svaret er sjølvsagt ja – og det er gjort undersøkingar og kartleggingar som viser at også vi i Sande-samfunnet har utfordringar knytt til sosiale ulikheiter, utanforsk og inkludering.



I 2021 vart det gjennomført ei større folkehelseundersøking i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune og Folkehelseinstituttet. Deltakinga frå befolkninga i Sande kommune var så god at undersøkinga ga talmateriale på kommunenivå.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin folkehelseundersøking i 2022 - Sande kommune	Sande
Stor grad av trivsel i nærmiljøet	68,1
Kulturtilbod -godt eller svært godt tilgjengeleg	30,5
Idrettsstilbod -godt eller svært godt tilgjengeleg	37,8
Butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod -godt eller svært godt tilgjengeleg	50,1
Offentleg transport -godt eller svært godt tilgjengeleg	10,2
Natur- og friluftområde -godt eller svært godt tilgjengeleg	89,9
Kystlinje/strand/sjø -godt eller svært godt tilgjengeleg	95,7
Gang- og sykkelvegar -godt eller svært godt utbygde	28,1
Deltaking i organisert aktivitet kvar veke	24,0
Deltaking i annan aktivitet kvar veke	38,9
God eller svært god helse	70,1
God eller svært god tannhelse	75,2
Fedme (KMI 30+)	23,7
Søvnproblem (Insomni)	11,7
Høg sosial støtte	38,1
Minst 30 minutt moderat fysisk aktivitet 4+ dagar i veka	21,0
Sukkerhalig brus/leskedrikk 2-3 gonger/veka eller oftare	27,8
Frukta eller bær dagleg eller oftare	35,1
Grønsaker dagleg eller oftare	43,6
Fisk 2-3 gonger i veka eller oftare	60,4
Dagleg røyking	12,4
Dagleg snusing	9,7
Drikk alkohol 2 gonger i veka eller oftare	9,5
Episodisk høgt alkoholforbruk månademlig eller oftare	9,1
Utsett for skade (sjølvrapport) siste 12 månader	14,0
Plaga av anna støy heime	4,3
Saman med gode vener kvar veke eller oftare	49,2
Prosentdel med økonometiske vanskar	18,1
Meir enn 2 år sidan du var hos tannlege/pleier	10,8
I stor grad påverka grunna helseproblem	12,2
Stor grad av funksjonsnedsetting grunnskade	6,5
Regelmessig ulønt omsorgsarbeid	27,2
Nakkkesmerter siste 28 dagar	43,5
Korsyggsmerter siste 28 dagar	43,9

Ungdata er ei anna kartlegging retta mot barn og ungdom. Sande kommune har delteke i denne kartlegginga over tid, og har med det eit rimelig godt bilde over trendutviklinga i denne målgruppa. Kartlegginga under viser forholdet mellom Sande – Møre og Romsdal fylke – og nasjonalt.



Sommaren 2021 vart det også gjennomført ein stor innbyggerundersøking i Sande kommune i samarbeid med Distriktsenteret. Denne undersøkinga hadde stor bredde i både tema og målgruppe. Men når ein filtrerer denne undersøkinga ser ein eitt samanfall med dei to andre undersøkinga knytt til folkehelse og barn og ungdom.

Taldata om folketalsutvikling, demografi, m.m. er saman med nemte kartleggingar primærkjeldene til kunnskapsgrunnlaget til samfunnsplanen. Dette kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som både tilstrekkelig og relevant for det vidare arbeidet med å sikre ei berekraftig utvikling av Sande-samfunnet. Derfor er også samfunnsplanen sine mål, gjennomgående omsyn og innsatsområder forma gjennom dei tre berekraftsdimensjonane – og med eit særskilt fokus på den sosiale dimensjonen.



## Mål, gjennomgåande omsyn, og innsatsområder

For Sande kommune er det eit overordna mål at dei fem bygdelaga i Sande skal vere ein sikker og trygg plass, der folk både vil bu, leve, og oppleve.

Gjennomgåande omsyn	Innsatsområde	
Dei gjennomgåande omsyna stettar opp under ei berekraftig utvikling. Dei er viktige på alle nivå, og omfattar planlegging og samarbeid på tvers av tenestområder, forvaltningsnivå og innsatsområde.	Sande kommune sine største mogleigheter ligg i utviklinga av eit lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel og god helse. I dette ligg mogleigheter til meiningsfylt arbeid og fritid, og det å kjenne seg som ein del av ein fellesskap. Gjennom målrettning av innsats kan vi skape auka bu-lyst og gjere innbyggjarane til våre fremste ambassadørar.	Lysta til å bu, leve og oppleve er ein føresetnad for at bygdene i Sande skal vere livskraftige i framtida. Vi må då først og fremst i lag satse på våre innbyggjarar, vårt næringsliv, og dei frivillige lag og organisasjonar som alt er her. Det er vi som innbyggjarar som skapar livskraftige bygdelag og som i hovudsak gir næringslivet nødvendig tilgang på arbeidskraft, slik at også næringslivet kan utvikle seg. Sande-samfunnet sine største mogleigheter ligg i utviklinga av eit lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel og god helse. I dette ligg mogleigheter til meiningsfylt arbeid og fritid, og det å kjenne seg som ein del av fellesskapet. Basert på ein slik erkjenning er samfunnsplanen sine innsatsområde knytt til befolkning, verdiskaping, og vertskap og frivillighet. Vidare legg samfunnsplanen til grunn at all planlegging, tenesteutøving og -utvikling skal ha fokus på god helse og livskvalitet, likeverd og integrering, og ta omsyn til klima, natur og tryggleik. Desse fokusområda vert vidare omtalt som gjennomgåande omsyn.
Gjennomgåande omsyn i Sande kommune sin samfunnsplan: <ul style="list-style-type: none"><li>• God helse og livskvalitet</li><li>• Likeverd og integrering</li><li>• Klima, natur og tryggleik</li></ul>	Innsatsområder i Sande kommune sin samfunnsplan: <ul style="list-style-type: none"><li>• Befolking</li><li>• Verdiskaping</li><li>• Vertskap og frivillighet</li></ul>	Korleis skal vi forstå omgrepene som er nytta i strategiane?

Samfunnsplanen sine mål er i stor grad samanfallande med mål- og fokusområder i Møre og Romsdal sin fylkesplan. Fylkesplanen er bygd opp rundt FN sine berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane. Klima- og miljøutfordringar, sosiale forhold og levekår, og økonomisk utvikling heng uløyseleg saman, og desse utfordringane må løysast i eit samspele.

Samfunnsplanen sine gjennomgåande omsyna er i hovudsak retta inn mot den sosiale berekraftsdimensjonen, og dei er viktige på alle nivå når det gjeld både planlegging og samarbeid på tvers av tenestområder, forvaltningsnivå, og innsatsområde. At samfunnsplanen sine gjennomgåande omsyn er retta mot den sosiale dimensjonen er ei erkjenning av at fokus på god folkehelse er svært viktig for utviklinga av Sande-samfunnet. Det er vidare ei erkjenning av viktigheita med å arbeide målretta for å jamne ut sosiale ulikskapar, og med det førebygge aukande utanforskap, samt danne grunnlag for auka grad av tilhøyrighet, fellesskap og tillit.

Sande-samfunnet: Med dette omgrepet meiner vi alle som bur i Sande kommune og alle andre aktørar som driv operativ verksemd innanfor dei geografiske grensene til Sande kommune.

Sande kommune: Med dette omgrepet meiner vi Sande kommune som politiske og administrativ eining, forvaltningsmynde, og tenestetilbydar.

## Gjennomgåande omsyn for Sande-samfunnet og for Sande kommune

*Dei gjennomgåande omsyna stettar opp under ei berekraftig utvikling. Det gjennomgåande omsyna skal i sum førebygge aukande utanforskap, og med det danne grunnlag for auka grad av tilhøyrigheit, fellesskap og tillit. Det er derfor eit ynskje at vi i lag skal dyrke desse omsyna i heile Sande-samfunnet. Innan det kommunale ansvarsområdet skal nemnte omsyn leggast til grunn i all planlegging og samarbeid på tvers av ulike tenestområde.*

### I Sande-samfunnet har vi ei samfunnsutvikling som fremmar god helse og trivsel

- Sande-samfunnet skal ha nulltoleranse for mobbing og hatfulle ytringar
- Sande-samfunnet skal ha nulltoleranse for vold
- Sande-samfunnet vil ha frivillighet basert på ideelle organisasjonar der alle som ynskjer kan delta
- Sande-samfunnet skal framsnakke frivilligheita og alle eldsjeler som skaper aktivitet, opplevingar, og sosiale møteplassar både for befolkninga i Sande og andre som besøker Sande-samfunnet
- Sande kommune skal gjennom sitt samla tenestetilbod utjamne sosiale ulikeheiter og fremje god helse blant befolkninga i Sande-samfunnet
- Sande kommune skal ha system for å kartlegge og følge opp utfordringar knytt til helse og trivsel til alle som nyttar seg av det kommunale tenestetilbodet
- Sande kommune skal gjennom si planlegging og tenesteutvikling ha fokus på den sosiale interaksjonen i befolkninga generelt og blant dei som nyttar det kommunale tenestetilbodet spesielt
- Sande kommune skal legge helsemyndigheitene sine helse- og kostråd til grunn i utvikling av sine tenester
- Sande kommune skal vere ein medspelar som gir frivilligheita muligheita til å skape møteplassar og sosial aktivitet for innbyggjarane i Sande-samfunnet

### I Sande-samfunnet har vi ei samfunnsutvikling som fremmar likeverd og inkludering

- Sande-samfunnet si befolkning skal respekterast som frie individ med likt menneskeverd
- Sande-samfunnet skal legge til rette for at alle, uavhengig av alder og funksjonsevne, skal få bidra med sine ressursar i utviklinga av lokalsamfunnet
- Sande-samfunnet skal ha eit inkluderande arbeidsliv
- Sande-samfunnet skal ha ein likestilt representasjon i private, offentlige, politiske og ideelle/frivillige organisasjonar
- Sande kommune skal i grunnskulen og barnehagane særlig prioritere kompetanse innan norskfaget retta mot lesing og leseforståing, samt dialog for å fremje sosial læring og utvikling hos barn og ungdom
- Sande kommune skal ha fokus på tilgjengeleghet og universell bruk i den fysiske planlegginga, i bygningar og anlegg, og i eigen tenesteporlefølje
- Sande kommune skal styrke innsatsen innan fagområda habilitering og rehabilitering slik at fleire kan leve meir sjølvstendige liv
- Sande kommune skal gjennom sine tenester legge til rette for at generasjonar kan møtast for gjensidig læring om fortid og samtid
- Sande kommune skal vere ein arbeidsgivar som gjennom sin rekruttering speglar mangfoldet i lokalsamfunnet
- Sande kommune skal legge til rette for heiltidskultur blant sine tilsette

### I Sande-samfunnet har vi ei samfunnsutvikling som fører til reduserte klimautslepp, som tek vare på viktige naturverdiar, og som er sikkert og trygt for alle

- Sande-samfunnet skal redusere sine klimagassutslepp for å nå fastsette klimamål
- Sande-samfunnet skal ta vare på naturmangfaldet, verneområde, kulturlandskapet, og kulturminna for framtidige sandssokningar
- Sande-samfunnet sin befolkning skal vere årvaken og bry seg om sine naboor, og med det skape tryggleik og tilhøyrigheit i kvardagen
- Sande kommune skal starte opp arbeidet med å innføre klimabudsjett og klimarekneskap for eigen organisasjon
- Sande kommune skal bidra til at den totale klimabelastninga som følge av energibruk, transport, avfall og forbruk vert redusert
- Sande kommune skal legge til grunn anerkjente standardar i arealvurderingane når nye utbyggingsområder skal vurderast
- Sande kommune skal ta vare på dei kultur- og naturverdiiane som er registrert og verna i sande-samfunnet
- Sande kommune skal i sin arealforvaltning ha god oversikt over naturmangfaldet
- Sande kommunen skal samhandle med andre for å behalde og forbetra samfunnssikkerheita i regionen
- Sande kommune skal ha ein samla beredskap som er tilpassa Sande-samfunnet sin risiko og sårbarheit

## I Innsatsområde for Sande-samfunnet og Sande kommune

*Sande kommune sine største moglegheiter ligg i utviklinga av eit lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel og god helse. I dette ligg moglegheiter til meiningsfylt arbeid og fritid, og det å kjenne seg som ein del av ein fellesskap. Gjennom målretta innsats kan vi i lag skape auka bu-lyst og gjere innbyggjarane til våre fremste ambassadørar.*

**Sande kommune har ei positiv befolkningsutvikling gjennom målretta arbeid med sosial bærekraft - herunder lagt til rette for gode bu-miljø og trygge nærmiljø**

- Sande-samfunnet skal samhandle med andre for å styrke kommunen, Søre Sunnmøre og Sunnmøre som region
- Sande kommune skal gjennom si planlegging legge til rette for gode bu- og nærmiljø. Bu- og nærmiljøet skal ha gode og tilgjengelige utsjener for sosial kontakt, og tilgang til frimråde og friluftsområde for fysisk aktivitet og rekreasjon skal vektleggast i planlegginga
- Sande kommune skal til ei kvar tid kunne tilby kommunale bustadomter i alle bygdelaga
- Sande kommune skal ta i bruk Husbanken sine verkemiddel slik at flest mulig kan eige sin bustad
- Sande kommune skal utgreie og gradvis innføre gratis barnehage- og SFO-tilbod med opningstider som gjer det mulig for føresette å ta arbeid i regionen
- Sande kommune skal utgreie og innføre ordningar som sikrar aktivitetstilbod til alle barn
- Sande kommune skal ha ei skulehelseteneste som er lett tilgjengelig og ha eit breitt helsefremmjande tilbod for barn og ungdom
- Sande kommune skal ha eit variert kulturskuletilbod for barn og ungdom
- Sande kommune skal levere mat/måltider til sine brukarar som gir gode matopplevingar, basert på anerkjente kostråd og ernæringspraksis
- Sande kommune skal arbeide vidare med tettstadprogrammet for komunesenteret – med auka fokus på å integrere og samordne publikums- og velferdstenester

**Sande kommune er ei attraktiv og framtidsretta næringskommune - med fokus på god økonomisk, sosial og miljømessig berekraft**

- Sande-samfunnet skal samhandle med andre for å styrke kommunen, Søre Sunnmøre og Sunnmøre som region
- Sande kommune skal gjennom arealforvaltinga legge til rette for næringsverksamhet – bruken av sjøarealet skal ha særskilt fokus på bærekraftige marine næringar
- Sande kommune skal arbeide for at det vert bygd ein infrastruktur som styrkar arbeidsmarknadsregionen, og som fører til ein sikker og effektiv transport av folk, varer og tenester – herunder også ein infrastruktur for VA, energi og digitale tenester. Sande kommune skal vidareføre sitt engasjement i SAFAST, Rovdefjordsambandet og HAFAST
- Sande kommune skal arbeide for å styrke kollektivtilbodet på land og sjø i både eigen kommune og i regionen for øvrig – herunder at ein framtidig hurtigbåt mellom Ålesund og Bergen får anløpsstad på Lærsnes
- Sande kommune skal arbeide for at flytilbodet i regionen vert styrka med rutetilbod både innan- og utanlands
- Sande kommune skal i lag med lokalt næringsliv utgreie og innføre program i grunnskulen som skal stimulerer til kreativitet og skaparglede hos barn og unge. Gjennom programmet skal ein også synliggjere dei arbeids- og karrieremulighetene som ligg i det lokale næringslivet i vår region

**Sande kommune er godt vertskap for frivilligheita og det sosiale liv, og bidreg til eit sosialt bærekraftig lokalsamfunn**

- Sande-samfunnet skal samhandle med andre for å styrke kommunen, Søre Sunnmøre og Sunnmøre som region
- Sande kommune ynskjer i vere ein medspelar for frivilligheita i Sande-samfunnet for å fremje bu-lyst og inkludering
- Sande kommune skal prioritere sine frie og tilgjengelege tilskotsmidlar innan kultur og idrett til aktivitetstiltak for barn og unge
- Sande kommune skal tilby frivilligheita kostnadsfri bruk av kommunale bygningar og anlegg
- Sande kommune skal ha ein frivilligsentral som er open for alle, og som har fokus på brukarmedverknad for å styrke fellesskapet og avhjelpe individuelle behov



## Samfunnsplanen sine føringer for arealforvaltninga

Samfunnsplanen sin arealstrategi er bindeleddet mellom samfunnsplanen og arealplanen. Arealstrategien skal angir hovedmål og prioriteringar for kommune sin langsiktige arealbruk, og skal leggast til grunn i det vidare arbeidet med revisjon av eksisterande arealplan.

I kommuneplanens arealdel 2014-2023 er det sett av areal i dei ulike delane av kommunen som langt på veg stettar venta behov for areal også i komande planperiode. I arbeidet med revisjon av arealdelen skal det leggast særleg vekt på å tilføre nye areal i dei områda i kommunen der ytterlegare behov for tilrettelegging no gjer seg gjeldande. Funksjonell lokalisering, effektiv og god utnytting av areala er vesentleg både m.o.t. arealressursane, samfunnskostnader og utbyggingskostnader.

Arealforvaltninga skal ta sikte på:

- å sikre ei berekraftig utvikling av lokalsamfunna i kommunen til beste for befolkninga og framtidige generasjonar, regionen og storsamfunnet
- å fastlegge arealbruken med juridisk bindande verknad, slik at areal til privat og offentleg utbygging, næringsverksemd, landbruk, rekreasjon, råstoffutvinning m.m. vert sikra på ein funksjonell, tenleg og økonomisk berekraftig måte
- at arealbruken skal ta utgangspunkt i statlege krav og retningsliner for arealbruken i kommunen til beste for innbyggjarane samtidig som naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser vert ivaretakne

Bygdelaga i Sande har i mange samanhengar ein kompleks geografi - med nærliek og utsyn til sjøen, og til dels eit bratt fjellandskap i bakkant. Gjennom generasjoner har folket budd og drive næringsverksemd i randsona mellom sjøen og det bakanforliggende fjellandskapet. Det er i denne randsona folket vil bu og drive verksemd også i framtida.

Sande kommune har som målsetting at dagens innbyggjarar skal verte buande i Sande og at folketalet skal kunne utvikle seg med sikte på å oppretthalde ein bærekraftig balanse i den demografiske samansetninga. Det er eit mål at bygdelaga i Sande skal vere ein attraktiv plass å både bu og drive næring i. Sande kommune vil derfor også framover ha fokus på fast busetnad, sysselsetting og verdiskaping, ved å legge til rette med attraktive og funksjonelle byggeareal. I denne tilrettelegginga vil kommunen ta overordna omsyn, med sikte på ei framtidsretta forvaltning av arealressursane der målet er å oppretthalde Sande som ei berekraftig kommune.